

Ottar Grepstad

Å syne fram eit språk

Foredrag på den 7. nordiske konferansen i leksikografi
Ivar Aasen-tunet 24. mai 2003

Nynorsk kultursentrum
Ørsta 2003

I FRANKRIKE, I PARIS, I LOUVRE, nede i underetasjen, eit stykke inn i labyrinten av utstillingar, står ein svart, glatt, tre meter høg stein. Geologen vil merke seg at det er ein dioritt. Kulturhistorikaren eller leksikografen vil sjå at steinen er full av skrift og etter kvart finne ut at dette er kileskrift, ei skriftform som fall bort i tida fram mot Kristi fødsel. Sakprosaforfattaren vil merke seg at dette truleg er den eldste bevarte førekomsten av sakprosaetekst.

Steinen er ei lovsamling på 3600 linjer som skriv seg frå herskartida til Hammurabi kring 1700 f.Kr. Han og hans (hær)folk gjorde Babylon til hovudstaden i eit stort rike som dagens Irak var ein del av. Mange seinare herskarar har gjort som Hammurabi og sytt for å ha Gud på si side; han gav hovudstaden eit namn som tyder ”Guds rike”. I eit tusenår framover var dette Storbyen i verda og møtestaden for handelskaravanar mellom aust og vest. Slik verksemd kravde orden, og Hammurabi gav sine lover. Dei blei rista inn i denne svarte steinen – og i mange andre steinar. Slik skulle dette riket bli ein stad for lov og orden.

Steinen blei eit krigsbytte og med tida frakta til det som i dag er den iranske byen Shüsh nokre få mil frå grensa mot Irak. Slik gjekk det til at fiendar av det babylonske riket sikra for ettertida noko av det viktigaste som var blitt skapt i Babylonia. I Shüsh blei nemleg steinen verande og i vår tid funnen ”att” vinteren 1901–02. Korleis det gjekk til at denne steinen, som Hammurabi hadde stilt opp i solgudens tempel, til slutt hamna i mørkret i Paris, veit eg ikkje, men det er vel den gamle historia om vestleg imperiebygging også på museumssida. Det er i det minste eit forsonande trekk at Frankrike vinteren 2003 vegra seg for

å smadre folket i det landet steinen blei til i; Babylon låg nokre få mil sør for det som no er Bagdad.

Hammurabis lover har nokre fellestrekk med Moselovene som kom til om lag 500 år seinare, men der Moselovene la vekt på det religiøse, var Hammurabis lover verdslege. Hammurabi fastsette borgarens rettar og plikter utan å snakke om synd og utan å skulle straffe den vonde viljen. Normene var enkle og harde, og dei som har greie på det, meiner at lovene nok resulterte i urettferd ut frå vår tids forståing av rett og gale. Likevel representerte Hammurabis verk i det minste eitt viktig steg i kulturutviklinga: Han la ned forbod mot at den enkelte tok lova i sine eigne hender.

Det forbodet er blitt brote mange gonger, seinast vinteren 2003.

Vegen gjennom språket

I Louvre er altså ei utdøydd skrift frå eit gammalt språk stilt ut og dermed synt fram, men som eit minnesmerke, ikkje som eit språk. I Aasen-tunet er berre språk, ingen minnesmerke, stilte ut. Eller er det så enkelt?

Eitt av kjennemerka til byggverka av arkitekt Sverre Fehn er dei lange linjene. Ei slik lang linje finst det også i Ivar Aasen-tunet. Linja dannar ein midtgang i utstillinga. Sjølv kalla arkitekten denne linja ”vegen gjennom språket”. ”Jeg har gått den vegen mange ganger,” sa arkitekten lenge før bygningen stod ferdig i 2000. I sitt indre hadde han vandra langs denne vegen, slik vi alle gjer det i vår daglege omgang med språk: Vi går gjennom det heile tida, men er aldri i ro. Ingen av oss veit kva vi kjem til å tenkje eller seie i morgon eller kva ord vi då vil bruke. Ivar Aasen-tunet er ei materialisering av denne vegen gjennom språket.

Språk er alltid knytt til både enkeltpersonar og eit kollektiv; det var ikkje språk utan. Vegen gjennom språket går tvers gjennom denne relasjonen slik at den kollektive ligg på høgre sida og det individuelle på venstre sida. Gjester kan

krysse denne vegen når som helst og røre seg som dei vil mellom det individuelle og det kollektive.

Dette heng samstundes saman med eit anna overordna fenomen. Livet og døden ventar på den som går inn i basisutstillinga. Like ved inngangen på den eine sida av vegen, der vi fortel historia om enkeltpersonar, ligg døden. På golvet ligg nekrologen i Oslo-avisa Dagbladet frå same ettermiddagen som Ivar Aasen døydde. På den andre sida av vegen, på den kollektive sida, er det liv. Eit heilt rom er fylt med talt språk og skriftteikn frå heile verda, og bruk av moderne teknologi gjer at det vi får høyre, blir påverka av kor mange som er inne i rommet og korleis vi rører oss der. Difor høyrer ingen det same. På enklaste vis blir dermed kvar gjest mint om at språk er noko vi sjølve skaper og at språk alltid er i endring.

Ei basisutstilling om språk kan difor ikkje vere ei permanent utstilling der alt er statisk og avslutta. Iallfall er ikkje basisutstillinga i Ivar Aasen-tunet slik. Kvar einaste dag er det nokre nye element i utstillinga. Ingen kjem attende i morgon og ser og opplever nøyaktig det same som i dag.

Dette er det eine grunnelementet i vår forståing av det massemediet som utstillingar er. Eit anna grunnelement er erkjenninga av at "Det finst tusenvis av språk". På ei stor glastavle like ved inngangen til basisutstillinga, som eit vegskilt langs vegen gjennom språket, er nettopp setninga "Det finst tusenvis av språk" gjengitt på tretti av dei språka. Etter kvart går utstillinga over til å fortelje om eitt av desse mange språka, men ikkje utan å gjere det mogleg for publikum å orientere seg i databasen Ethnologue og dermed kunne skaffe seg informasjon om 6700 språk verda rundt.

Immaterielt eller materielt?

Språkforskarar og leksikografar veit så inderleg vel at mange språk er utdøydde og mange er i faresonen. Den brukargruppa som utover i 1990-åra tenkte ut rammene for det nasjonale dokumentasjons- og opplevingscenteret for nynorsk

skriftkultur som Ivar Aasen-tunet skulle bli, blei tidleg på det reine med at det er uvanleg for museum å arbeide med immateriell kultur, som eit språk er. Dei stilte tidleg spørsmålet sjølve: Korleis kan vi stille ut eit språk? Det svaret måtte dei sjølve tenkje ut, men før dei gjorde det, drog dei i vesterveg slik nordmenn har hatt for vane å gjere når dei skal finne ut noko eller oppdage noko nytt. Dei drog til Irland, Wales og England. Flest inntrykk tok dei med seg heim att frå Blasket-øyane så langt vest på vestkysten av Irland som det er mogleg å kome.

Her levde innbyggjarane meir eller mindre på gamlemåten, det som i avisreportasjar gjerne blir heitande på mellomaldervis, fram til eit godt stykke ut i det 20. hundreåret. Det vil seie at dei meistra munnleg tradering og tilhøyrande forteljartradisjon. Tidleg på 1900-talet kom dei første språkforskarane til dette øysamfunnet. Mellom dei var den norske professoren i irsk språk, Carl Marstrander. Vitskapsmennene kom med det nye språket, irsk, til øybuarane. Utover i første halvdel av 1900-talet tok ein intens og rik skriftkultur form i eit samfunn som berre talde nokre få hundre menneske. Så tok alt brått slutt då Blasket-øyane blei avfolka tidleg i 1950-åra. Inne på fastlandet, i den hundre personar vesle landsbyen Dun Chaoin, blei Blasket Island Centre bygt opp i 1990-åra. Spenstige arkitektoniske linjer kunne ikkje hindre ein viss etnosentrisitet: På eit kart over "Languages in Europe" manglar både heile Norden og heile Aust-Europa.

Brukargruppa frå Ivar Aasen-tunet gjorde store augo, men merka seg også den avgjerande skilnaden: Dei skulle heim att og reise ein institusjon for eit språk som enno var i bruk. Dei skulle ikkje skrive historie i alle tydingar av ordet.

Er det så ei gyldig forståing å tale om språk som immateriell kultur? Både ja og nei. Eit språk er i bruk så lenge det er eit språk, og det er det så lenge det finst individuelle språkbrukarar nok til å danne eit kollektiv. Eit språk som er i bruk, har til dels klare immaterielle trekk. Det meste av den daglege språkbruken let seg ikkje fange. Ingen av oss veit kva dei seier, alle dei som

denne dagen seier, syng, kviskrar, ropar eller skriv eitkvart på anten sitt eige språk eller på eit framandspråk. Ingen språkforskar ville dikte opp deisen ”Storebror ser deg” og tru at den kunne vere absolutt gyldig. Det som kan la seg fange, er utdrag av den daglege språkbruken, til dømes i radio og på tv.

Det språket som var i bruk, får på si side til dels klare materielle trekk. Ideen om bibliotek byggjer på kunnskapen om at språk på trykk – etter kvart også kringkasta språk – er materialisert og kan takast vare på for ettertida. Difor er alle bibliotek ei ordna, men uformidla utstilling av språk i bruk. Ein slik tankegang gjer alle medium til sekundære formidlingsformer som kvar på sin måte syner fram språk.

Dokumentasjon og oppleving

Nynorsk kultursentrum legg til grunn at vi lever og arbeider innanfor ein språkløyvd norsk kultur og at nynorsk representerer ein heil skriftkultur og er knytt til kulturelle tradisjonar som vanskeleg kan femnast av det korte ordet *språk*.

Den nynorske skriftkulturen er ikkje berre ei samlenemning på alt som er eller vil bli skriva på nynorsk, skriv Lars S. Vikør, men ”omfattar heile den infrastrukturen som denne litteraturen utfaldar seg i (opplæringssystem, publisering- og distribusjonsapparat, bruks- og resepsjonsmønster) og den åndsrørsla som har bore og ber han fram.”¹ Det er ein god definisjon på den institusjonelle sida av skriftkulturen. Heilskapen ved denne skriftkulturen kan likevel først bli synleg når det dynamiske blir inkludert. Også dette er ein kultur som har å gjere med kjensler og subjektivitet, altså med førestellingar om fellesskapar og identitetar.

Museum driv kunnskapsbasert formidling. Det har vore viktig at dei utviklar eigen kunnskap, basert på samlingane sine, og at dette skjer i

¹ Lars S. Vikør: ”Nynorsk skriftkultur sett i nordisk lys”, i: Helga Stave Tvinnereim (red): *Nynorsk skriftkultur – aktuelle forskingsfelt*, Volda 1996, s. 45.

systematiske, kritiske former. Difor er ikkje trykksaker og AV-medium det einaste interessante for ein slik institusjon. Vi samlar like gjerne på tal som på ord. For oss er den pålitelege tabellen om utbreiing av nynorsk like viktig som dei 14 banda med *Skrifter i samling* av Tarjei Vesaas. Heile tida prøver vi ut grensene mellom forskning, dokumentasjon og formidling.

I seinare år ser det ut til at dokumentasjon er blitt ein stadig viktigare funksjon for musea. Omgrepet *dokumentasjon* ser ut til å ha kome inn frå sidelinja. I den nyaste større museumsutgreiinga, *NOU 1996:7*, ser det berre ut til å vere brukt i samband med identifisering, bestemming og registrering av gjenstandar, altså som eit synonym for systematisk registrering. Vi trur det er kulturpolitisk ønskjeleg å gi omgrepet dokumentasjon eit meir presist innhald: *Dokumentasjon kan forståast som systematisk og kjeldekritisk bearbeiding av informasjon frå eigne samlingar eller innanfor dei emna eit arkiv, bibliotek eller museum konsentrerer seg om. Denne bearbeidinga kan omfatte omtale, fagleg beskrivelse og analyse.*

Dokumentasjon omfattar dermed også systematisk arbeid med immaterielle data, til dømes statistikk eller analysar. I eit slikt perspektiv blir skiljet mellom dokumentasjon og forskning lite skarpt. Eit museum som arbeider med dokumentasjon vil bruke forskarens metodar, men kanskje ikkje presentere dokumentasjonen i forskarens sjangrar som avhandlingar eller vitskaplege artiklar.

For oss har dokumentasjonen liten verdi viss den blir verande arkivert. Det vi dokumenterer, skal helst kunne brukast til noko, anten av oss sjølve eller av utanforståande. Vegen gjennom språket fører alltid ut i det opne landskapet der språkbrukarane held til. Det gjer oss til ein dialoginstitusjon og aktør i den offentlege samtalen. Målet vårt er å gjere det lettare å vere nynorskbrukar. Det kunne ha forflata Nynorsk kultursentrum til ein agitasjonsentral for våre eigne. I staden har vi valt å krysse grensene i den språkløyvde norske kulturen og stimulere publikum og gjester til undring og ettertanke over det vi alle har –

språk. Publikumsundersøkingar som blir gjennomført kvar sommar viser eintydige tendensar: Halvparten av dei norske gjestene i sommarsesongen er no bokmålsbrukarar, og bokmålsbrukarane trivst like godt i tunet som nynorskbrukarane.

Det særmerkte ved verksemda vår er at vi på fleire sentrale punkt faktisk dokumenterer ikkje berre éin, men to skriftkulturar. Alle stader der det gir meining, bryt vi ned begrepet *norsk* og todeler det i kategoriane *bokmål* og *nynorsk*. På denne måten kan verksemda vår vere av stor verdi også for bokmålsbrukarar som ønskjer informasjon om situasjonen for deira målform. Det er berre dokumentasjon frå Nynorsk kultursentrum som gir informasjon om til dømes desse variablane:

- Talet på nye bøker på bokmål og nynorsk innanfor ulike sjangrar
- Pressestøtte til aviser på bokmål og nynorsk
- Utgivingar av musikk sortert etter norsk målform
- Språkleg og kulturell toleranse overfor innvandrarkulturar i høve til nordmenns målform

Vi stiller ikkje ut språket, men vi viser korleis det er blitt brukt, kva det blir brukt til no, og kva vi sjølve vil bruke det til. Det gjer vi ved å dra vekslar på nesten alle dei medium og kanalar som finst i det moderne samfunnet:

- Kulturprogram i form av konsertar, teater, kulturkveldar, forfattarkveldar, seminar, samtalar, debattar, til saman om lag 50 slike arrangement kvart år.
- Dei Nynorske Festspela, ei årleg feiring av dialektar og nynorsk skriftkultur, siste veka i juni, med om lag 50 arrangement.
- Dokumentarfilmen *Ivar Aasen* om Ivar Aasens liv og verk.
- Biletspelet *Den lange reisa* som stadfestar Aasens arbeid ved å kombinere ord frå ordbøkene hans med utdrag frå dagbøkene og foto av dei omtalte stadene frå samtida hans.

- Dataspelet *Dialektspelet* som kombinerer underhaldning og informasjon om mangfaldet av norske dialektar, i nye opptak frå 2000.
- www.aasentunet.no, nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur, etter kvart på fleire språk.
- Den digitale ordboka *Dagens ord*, redigert av redaksjonen i Norsk Ordbok, publisert på nettstaden www.aasentunet.no og berre der. Til no inneheld denne originale ordboka vel 200 oppslagsord.
- *Ordspelet*, eit enkelt dataspel på Internett der publikum kan prøve å kople saman ord og ordforklaringar frå databasen til Norsk Ordbok.
- *Nettbiblioteket* med over 500 tekstar av 90 forfattarar frå heile historia til den nynorske skriftkulturen.
- Tre nye temautstillingar kvart år, som seinare kan bli viste som vandreutstillingar andre stader i landet.
- Årstale om tilstanden for nynorsk skriftkultur; den einaste i sitt slag innanfor norsk kulturliv, og utgreiingar og dokumentasjon av ymse slag.
- Butikk og kafé med vareutval og menyar som støyr opp under den samla verksemda ved institusjonen.

Og for all del: Institusjonen prøver å representere stilistisk god og formelt korrekt språkbruk. Det er eit poeng for oss å syne fram det nynorske skriftspråket frå si beste side. Dermed seier vi også noko om kva språket er i praksis.

Tre grep

Å syne fram, stille ut, dokumentere, formidle – alt dette heng saman, iallfall for oss som driv med det. Når eit språk er i bruk, blir det synleg. Men eit språk som er mindre brukt enn det dominerande språket i eit samfunn, må synast fram på særlege måtar. Så vidt eg veit, er Ivar Aasen-tunet den einaste institusjonen iallfall i Europa som har ein skriftkultur som sitt einaste emne. Senteret på

Blasket-øyane fortel like gjerne om teigblandinga og dei gamle samfunnsformene som om språket og språkbruken; deira ærend er heile konteksten, ikkje berre den språklege. Difor kan den institusjonen gjerne karakteriserast som eit moderne folkemuseum.

Frå ein annan synsvinkel vil eg også så tvil om det vi gjer, er å stille ut eit språk. Språket i seg sjølv, med sitt grammatikalske system og sitt ordtilfang, er i liten grad vårt objekt. Det er ikkje språket i seg sjølv, men språket i bruk, vi syner fram. I opningsforedraget onsdag brukte Bolette S. Pedersen kategoriane fenomen, gjenstand, handling og person då ho skulle gjere greie for nokre av bitane i det puslespelet som strukturering av ordtydingar kan vere. Ho viste også korleis konteksten pregar tolkingane av ord og ytringar. Det er nettopp gjenstandane, handlingane, personane og kontekstane vi rettar merksemda mot for å kunne formidle noko av det fenomenet eit språk er. Det inneber at vi konkretiserer, personifiserer og stadfestar språket.

Ingen av delane er nye grep i kulturhistorisk formidling.

Konkretiseringa kjem til uttrykk gjennom dei fysiske gjenstandane vi stiller ut, frå handskrifter og trykksaker til dokker og motordelar – det meste kan knytast til skriftkultur.

Personifiseringa oppstår når vi bruker utsegner frå eller opplysningar om enkeltpersonar i framstillinga, eller på ymse vis gir språket ansikt.

Stadfestinga skjer når vi knyter hendingar, handlingar, personar eller språkelement til stader. Språk har blant anna med territorium å gjere, og i det som er blitt kalla den norske nasjonsbyggingsperioden, var det viktig for nynorskbrukarane å vise at språket kom meir og meir i bruk. Difor blei det laga egne målkart, der alt territorium som hørde til ein nynorskbrukande skule eller kyrkjelyd kunne fargast, same om det berre var snaufjellet – som det var mykje av. Slike kart blei laga i 1908, 1920 og 1948.

KART Hovdan

Dette resulterte i ein geografisk polemikk der riksmålssida svarte med eit kart der bruken av dei to målformene blei knytt til folketal. Sakleg sett var nok det ein meir relevant variabel enn å skryte over at folketomt snaufjell no var Nynorskland.

KART Riksmålsforbundet

I ei basisutstilling kan desse gamle grepa samstundes kombinerast til noko nytt.

Skilnaden er estetikken, som i dette tilfellet dreiar seg om samspelet mellom form og innhald. Ivar Aasen-tunet rommar mykje, blant anna det som truleg er det eldste personmuseet i landet, skipa berre nokre månader etter at Ivar Aasen døydde hausten 1896. I 1990 oppstod ideen om eit nybygg i Ivar Aasen-tunet frå to kantar.

Då den store norske kulturhistorikaren og nordisten Reidar Djupedal døydde i 1989, arva Ivar Aasen-museet ei boksamling på over 200 hyllemeter. Noko slikt fanst det ikkje husrom for i tunet då. Dei som dreiv det etablerte museet, hadde difor fått ein arkitekt frå området til å teikne skisser til eit mogleg nybygg.

SKISSE Kåre Kolås, 1989

Frå den fremste kulturpolitikaren på Stortinget kom samstundes ideen om eit nybygg for å gjere det mogleg å dokumentere og formidle heile historia om Ivar Aasens livsverk og den skriftkulturen han la det formelle grunnlaget for. Ideen blei gripen av sentrale personar i miljøet kring Høgskulen i Volda.

Desse to miljøa – museumsfolk og høgskulefolk – blei raskt samde om å dra lasset saman. Dei lokale arkitektteikningane hamna i arkivet. I staden kom Sverre Fehn inn i biletet. Det var no blitt eit vesentleg poeng å bruke nybygget som eit bidrag til å bryte ned velkjende fordommar om at nynorsk er vakkert i dikt, spesielt framført i bunad på stabburshella med treskurd kring døra og torv på taket. Å stille ut dette språket måtte gjerast slik at spenninga mellom 1700-talet og det moderne i Ivar Aasens tenking kom tydeleg fram. Modernismen har

generelt tømd rolla si som provokasjon, men ikkje på det språkpolitiske feltet. Jo meir modernistisk, jo betre, nettopp for å bryte med dei romantiske fordommane om nynorskens plass og funksjon i samfunnet.

SKISSE Sverre Fehn, oktober 1996

Utstillingestetikk

Sverre Fehns utstillingestetikk førte denne modernismen vidare i eit drivande samspel med utstillingsprodusent John Aage Gjestrum og den før nemnde brukargruppa. I museumsbransjen er eitt av dei store spørsmåla om det er mogleg å rekonstruere fortida eller ikkje. Sverre Fehn har vore ein av dei klaraste kritikarane av denne rekonstruksjonstanken. Å tru at fortida kan vekkjast til live gjennom museale tablå, er for han å gjere fortida til noko utvendig og dermed uviktig. – Det nyttar ikkje å springe etter fortida, seier Fehn, for vi kan aldri ta att fortida. Denne institusjonen lever nokså strengt etter den grunntanken at vi skal prøve å forstå fortida, men at det er latterleg å tru at ein einaste gjest kan oppleve fortida. Difor har vi til dømes ikkje prøvt å rekonstruere arbeidsrommet til Ivar Aasen i Oslo. Det vi derimot har prøvt, er å formidle eit inntrykk av den intense, kvilelause og febrilske arbeidsviljen som må ha prega omgivnadene hans.

Utstilling er det einaste massemediet som er tredimensjonalt. Bøker er også tredimensjonale, men dei har det med å bli flate når dei blir stilte ut. Dimensjonane i ei bok oppstår jo hos lesaren i arbeidet med teksten i boka.

Å stille ut inneber å velje bort. Den erkjenninga synest vere framand for mange museum. Her har den forståinga derimot vore reine Grunnlova. Det meste skal ikkje stillast ut. Dei få utvalde gjenstandane skal tale for seg og peike på heilskapen.

Å stille ut inneber å gi stemmene i språket ei scene, men med stram regi. Språkbrukarane kjem sjølve til orde, slik dei sa det den gongen dei sa det. Slik kjem dei individuelle røystene i det språklege kollektivet til orde.

Å stille ut inneber å gjere den enklaste bruksboka eller det simplaste trykket like høgverdig som brurekjolen til ei dronning eller eit Fabergé-egg frå tsarriket. Dermed blir det å stille ut språkets gjenstandar å hylle det nynorske språket i seg sjølv, jamvel å hylle språk i seg sjølv.

Summen av desse og mange andre tankar blir at det å stille ut eit språk blir å gjere tilskodar til deltakar. Den som gjestar utstillinga, har sjølv sitt språk og blir dermed sjølv eit utstilingsobjekt. Språkbrukaren, i dette tilfelle ein gjest, ser seg sjølv i eit nytt lys. I dag er det mange som gjestar frilandsmuseum eller folkemuseum som ikkje har noko personleg forhold til utstillingsemnet i det heile. Slik vil det også vere for mange av dei som oppsøker eit industriarbeidarmuseum. Det finst derimot ingen gjestar som ikkje har eit forhold til det emnet ei utstilling om språk tek opp. Sett med kommersielle auga blir ein institusjon som dette gjerne definert som smal. Sett med sosiologiske briller har ingen institusjon ein breiare profil enn nettopp eit dokumentasjons- og opplevingssenter for skriftkultur.

Basisutstillinga vår er noko anna enn å stille ut språket. Likevel trur eg det er rett å seie at institusjonen Ivar Aasen-tunet som heilskap er ei utstilling av språkleg praksis. Difor er også stadfestinga av institusjonen viktig. Ved at vi er der vi er, er porteføljen fylt med autentisitet, både fordi Ivar Aasen blei fødd borte i bakken her i 1813 og fordi vi er integrert i den nynorske kvardagen. Vestlandet har i lang tid vore kjerneområdet for den individuelle nynorskbruken. Berre ved å liggje i dette kjerneområdet kunne vi ha håp om å vinne autoritet. Det vi stiller ut, er det endå meir av utanfor husveggene våre enn innanfor. Vi er ingen oase i ørkenen eller ei aude øy, og takk for det, for språk trivst ikkje i *splendid isolation*.

På oppdagingsferd

I kunsten er der alltid ein restfaktor, noko som ikkje går opp. Slik kan det vere andre stader også. Redaksjonen for *Concise Oxford Dictionary* har gjort sitt for

å møte trusselen om piratkopiering og misbruk av leksikalsk informasjon. I ordboka har dei rett og slett lagt inn ein del fiktive ord som er fullt utstyrte med grammatikk, definisjonar, forklaringar og døme på bruk. Ingen utanforståande veit kor mange ord det er tale om, og sjølvsagt ikkje kva ord det gjeld. Her er det ikkje ein gong sikkert at bibelordet gjeld om at den som leitar, skal finne.

Også den gode utstillinga bør ha nokre slike hemmelege restfaktorar, detaljar som kan oppdagast av den som har blick for slikt, skjulte samanhengar som kan avdekkjast. Når vi kvar einaste dag stiller ut nye og gamle sider frå den uavslutta historia om nynorsk skriftkultur, passar også vi på å leggje inn slike vink til gjestene våre. Den som ser godt og som kan si norske språkhistorie, kan til dømes sjå litt nøye på ei av bøkene som ligg på skrivebordet til Ivar Aasen. Slikt og mykje anna gjer turen langs vegen gjennom språket til ei oppdagingsferd der ein ikkje heilt veit kva ein ser etter. Nokon gonger har vi alle godt av å møte språket vårt med så mykje undring.

Dokumentasjon om nynorsk skriftkultur

Ottar Grepstad: Nynorsk faktabok 1998. Oslo 1998

Ottar Grepstad: Det nynorske blikket. Oslo 2002

Ottar Grepstad: Viljen til språk. Årstale nr. 2 om tilstanden for nynorsk skriftkultur. Ørsta 2002

Nynorsk kultursentrum: Årsmelding og rekneskap 2002

Nynorsken i årstal. Tidstavle i basisutstillinga i Ivar Aasen-tunet

www.aasentunet.no

Nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur